

Saksframlegg

Utv.saknr	Utvalg	Møtedato
65/2020	Formannskap	10.11.2020
52/2020	Kommunestyret	24.11.2020

Kommunedelplan Fossbergom - sluttbehandling etter 3. gongs offentlig ettersyn

Vedlegg:

- 1 KDP Fossbergom - plankart datert 26.10.2020
- 2 KDP Fossbergom - føresegner og retningslinjer datert 26.10.2020
- 3 KDP Fossbergom - planskildring
- 4 KDP Fossbergom - konsekvensutgreiing
- 5 KDP Fossbergom - risiko- og sårbarheitsanalyse
- 6 Skiltvedtekter for Lom kommune 20.02.2017
- 7 Samandrag av uttaler ved 3. gongs høyring av kommunedelplan Fossbergom
- 8 Saksprotokoll formannskapet 30-06-2015 - behandling før 1. gongs høyring
- 9 Saksprotokoll formannskapet 07-04-2017 - behandling før 2. gongs høyring
- 10 Saksprotokoll formannskapet 27-06-2018 - avklaringar etter 2. gongs høyring
- 11 Saksprotokoll formannskapet 19-05-2020 - behandling før 3. gongs høyring

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Med heimel i plan- og bygningslova §11-15 godkjenner Lom kommune ny kommunedelplan for Fossbergom, planID 05140069, med plankart og føresegner datert 26.10.2020

Planforslaget omfattar plankart, planføresegner, konsekvensutgreiing, risiko- og sårbarheitsanalyse, planskildring og forslag til kommunale skiltvedtekter. Vidare er det lagt ved notat med gjennomgang av motsegner og merknader ved 3. gongs høyring.

Samanlikna med framlegget til 3. gongs offentlig ettersyn er følgjande endringar innarbeidd –

I planføresegnene:

- Byggegrenser og haldningsklasse for avkjørsler offentlege vegar er teke inn i punkt 4.3.1
- Planføresegnene punkt 5.2 er endra for å sikre skogen sin funksjon som vern mot skred
- Planføresegnene punkt 5.3 er endra slik at det er no eit eintydig krav om oppfylling av byggegrunnen til flaumsikkert nivå før byggetiltak i omsynssone H320_2
- Nytt punkt 6.1 i planføresegnene, gjeld føresegnsområde #1 – indre sentrumssone.

I plankartet:

- Omsynssone H320_1 og 6 for flaumfare er justert slik at dei samsvarer med 200-års flaumsone med klimapåslag i Norconsult-rapport *Vannlinjeberegning for Bøvre i Lom*
- Omsynssone H570_2 for bevaring av kulturmiljø ved Lom Stavkyrkje er utvida til å omfatte det opne landskapsrommet rundt kyrkja
- Gang- og sykkelveggar er vist med linesymbol i plankartet.

I tillegg er det gjort mindre tekniske justeringar i plankart og føresegner.

Kommunedelplanen blir godkjent under føresetnad av at NVE trekkjer motsegna til planen.

Saksprotokoll i Formannskap - 10.11.2020

Behandling

Administrasjonssjefen v/Sander Sælthun innleia

Trond Volden (BL):

Spørsmål angående eigedomane i Lykkja. Når eigedomane ligg i faresone for flaum, korleis stiller det seg i høve forsikring? Det er å anta at salsverdien av bustader som ligg i flaumsone vil synke.

Ordførar:

Dette er noko vi ser i fleire saker. Det er ofte diskusjon mellom forsikringsselskap og kommunen som planmyndighet om restverdi.

Sander Sælthun:

Det er søkt NVE om støtte til tiltak i Lykkja

Innstilling frå formannskapet

Med heimel i plan- og bygningslova §11-15 godkjenner Lom kommune ny kommunedelplan for Fossbergom, planID 05140069, med plankart og føresegner datert 26.10.2020

Planforslaget omfattar plankart, planføresegner, konsekvensutgreiing, risiko- og sårbarheitsanalyse, planskildring og forslag til kommunale skiltvedtekter. Vidare er det lagt ved notat med gjennomgang av motsegner og merknader ved 3. gongs høyring.

Samanlikna med framlegget til 3. gongs offentleg ettersyn er følgjande endringar innarbeidd –

I planføresegnene:

- Byggegrenser og haldningsklasse for avkjørsler offentlege vegar er teke inn i punkt 4.3.1
- Planføresegnene punkt 5.2 er endra for å sikre skogen sin funksjon som vern mot skred
- Planføresegnene punkt 5.3 er endra slik at det er no eit eintydig krav om oppfylling av byggegrunnen til flaumsikkert nivå før byggetiltak i omsynssone H320_2
- Nytt punkt 6.1 i planføresegnene, gjeld føresegnssområde #1 – indre sentrumssone.

I plankartet:

- Omsynssone H320_1 og 6 for flaumfare er justert slik at dei samsvarer med 200-års flaumsone med klimapåslag i Norconsult-rapport *Vannlinjeberegning for Bøvre i Lom*
- Omsynssone H570_2 for bevaring av kulturmiljø ved Lom Stavkyrkje er utvida til å omfatte det opne landskapsrommet rundt kyrkja
- Gang- og sykkelveggar er vist med linesymbol i plankartet.

I tillegg er det gjort mindre tekniske justeringar i plankart og føresegner.

Kommunedelplanen blir godkjent under føresetnad av at NVE trekkjer motsegna til planen.

Samrøystes

Saksprotokoll i Kommunestyret - 24.11.2020

Behandling

Kristian Frisvold (BL):

Byggeskikken endrar seg og ein ser at det kjem mange søknader om dispensasjon på takvinklar til kommunen. Det vil vere aktuelt å drøfte desse føresegnene i kommunestyret. Det er likevel viktig at kommunedelplan Fossbergom blir vedteke nå og at ein slik debatt kjem opp seinare

Ordførar:

Støtter konklusjonen om at kommunedelplanen blir vedteke i dette møtet. Støtter elles innspelet om at føresegner om takvinklar blir teke opp på eit seinare tidspunkt.

Torgeir T. Garmo (LL):

Meiner at det bør inn føresegner om å halde orden i sentrum

Vil påpeike at Bergomsrunda bør få ein plass i planen om ny bussterminal

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova §11-15 godkjenner Lom kommune ny kommunedelplan for Fossbergom, planID 05140069, med plankart og føresegner datert 26.10.2020

Planforslaget omfattar plankart, planføresegner, konsekvensutgreiing, risiko- og sårbarheitsanalyse, planskildring og forslag til kommunale skiltvedtekter. Vidare er det lagt ved notat med gjennomgang av motsegner og merknader ved 3. gongs høyring.

Samanlikna med framlegget til 3. gongs offentleg ettersyn er følgjande endringar innarbeidd –

I planføresegnene:

- Byggegrenser og haldningsklasse for avkjørsler offentlege vegar er teke inn i punkt 4.3.1
- Planføresegnene punkt 5.2 er endra for å sikre skogen sin funksjon som vern mot skred
- Planføresegnene punkt 5.3 er endra slik at det er no eit eintydig krav om oppfylling av byggegrunnen til flaumsikkert nivå før byggetiltak i omsynssone H320_2
- Nytt punkt 6.1 i planføresegnene, gjeld føresegnssområde #1 – indre sentrumssone.

I plankartet:

- Omsynssone H320_1 og 6 for flaumfare er justert slik at dei samsvarer med 200-års flaumsone med klimapåslag i Norconsult-rapport *Vannlinjeberegning for Bøvre i Lom*
- Omsynssone H570_2 for bevaring av kulturmiljø ved Lom Stavkyrkje er utvida til å omfatte det opne landskapsrommet rundt kyrkja
- Gang- og sykkelveggar er vist med linesymbol i plankartet.

I tillegg er det gjort mindre tekniske justeringar i plankart og føresegner.

Kommunedelplanen blir godkjent under føresetnad av at NVE trekkjer motsegna til planen.

Samrøystes

Saksutgreiing

Gjeldande kommunedelplan for Fossbergom vart vedteken 14.10.2003. Arbeidet med revisjon av denne planen vart starta for over 10 år sidan. Det er fleire årsaker til at arbeidet har teke urimeleg lang tid, personalressursane har ikkje strekt til og ein var avhengig av konsulentbistand for å utarbeide planforslaga til 1. og 2. gongs høyring. At det kom inn innspel om omfattande endringsforslag etter 1. gongs høyring har også komplisert planprosessen.

Dei innspela som i si tid initierte arbeidet med revisjon av kommunedelplanen – område for fritidsleilegheiter på Andberg og område for campingplass og utleigehytter på Nørderøy – vart teke ut av planforslaget etter fleire motsegner ved 1. gongs høyring.

Ved 2. gongs høyring av planen hausten 2017 kom det til saman 6 motsegner til planforslaget frå regionale/ statlege planmyndigheiter, og i tillegg ein heil del større og mindre merknader til planen. På grunnlag av høyringsuttalene vart planforslaget gjennomarbeidd og revidert på nytt.

Saksprotokoll frå tidlegare behandlingar av planen i formannskapet/planutvalet er lagt ved saka.

Formannskapet som planutval gjorde vedtak om å legge planen ut til 3. gongs offentleg ettersyn den 19.05.2020 sak FS 28/2020, etter innstilling frå samfunnsutvalet. Offentleg ettersyn av planen vart gjennomført i perioden 10.06.2020 - 10.08.2020. Plandokumenta vart lagt ut på kommunens heimeside, og offentleg ettersyn vart kunngjort ved annonse i Fjuken 16.06.2020.

Fleira av dei regionale og statlege høyringsinstansane bad om utsett høyringsfrist. Siste høyringsuttale kom frå Innlandet fylkeskommune 18.09.2020, etter politisk behandling i fylkesutvalet 15.09.2020. Totalt kom det inn 6 høyringsuttaler til planforslaget. Eit notat med samandrag av alle uttalene til 3. gongs høyring er lagt ved saka.

Det kom motsegn til planforslaget frå NVE. Frå uttalen:

NVE mener planen ikke ivaretar vesentlige regionale og nasjonale interesser knyttet til våre ansvarsområder, og vi fremmer derfor innsigelse til planen. NVE opprettholder ikke innsigelsen til bestemmelsene knyttet til sikkerhet mot flom (se over), men vi fremmer innsigelse til både hensynssoner og bestemmelser for skredfare (...) Dokumentasjon av tilstrekkelig sikkerhet må hensynta skogens funksjon som skreddemping og bevaring av skogen.

I tillegg hadde NVE ein merknad knytt til planføresegnene for omsynssone for flaumfare.

Ingen andre planmyndigheiter hadde motsegn til planforslaget. Men det kom vesentlege merknader til planen frå Statens vegvesen, Innlandet fylkeskommune og Fylkesmannen i Innlandet.

Når det gjeld motsegna frå NVE går det fram av uttalen at etter NVE sitt syn så tek ikkje skredfarekartlegginga frå 2009 nok omsyn til skogen sin funksjon som vern mot skred. NVE krev derfor at planføresegnene må sikre at skogen blir ivareteken slik at den sikrar mot skred også i framtida, eller at det blir utarbeidd ny faresonekartlegging som viser skredfare utan skog. I dialog med NVE er det derfor foreslått eit nytt punkt i føresegnene for omsynssone skredfare:

Faresonene føreset at skogen ovanfor planområdet vert ivareteke slik at tettheit og diameter av stammer ikkje vert vesentleg redusert i forhold til dagens skog. Om skogen vert heilt eller delvis fjerna må det gjennomførast ny vurdering av faresonene si utstrekning. Før det kan tillatast nye byggetiltak innanfor faresonene i sikkerheitsklasse S2 eller S3 jf. TEK17 §7-3, må det ligge føre juridisk bindande avtale med grunneigar som sikrar at skogen beheld sin funksjon som vern mot skred i framtida.

Vidare er det lagt inn ei skjerping av kravet om dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik mot skred i samsvar med TEK17 før ein tillet nye byggetiltak i omsynssonene for skredfare.

Desse endringane i planføresegnene er lagt fram for NVE, som i tilbakemelding 07.10 skriv:

Med de endringer i planbestemmelsene som kommunen her foreslår, mener NVE at grunnlaget for innsigelsen kan bortfalle. Grunnlaget vil imidlertid ikke formelt sett bortfalle før det foreligger et juridisk bindende vedtak med disse endringene innarbeidet.

Andre vesentlege merknader til planframlegget ved 3. gongs høyring:

NVE skriv i sin uttale at formuleringa i planføresegnene knytt til flaumsikring av bygningar innanfor omsynssone for skred - *alternativt må bygningen/ konstruksjonen vere utført slik at den tåler å bli sett under vatn til dette nivået utan at skader oppstår* – ikkje er i samsvar med dei nyaste føringar frå Direktoratet for Byggkvalitet. I dokumentet som no blir lagt fram til sluttbehandling er derfor denne formuleringa teken ut, og det er eit eintydig krav om oppfyljing av byggegrunnen til flaumsikkert nivå (365,66 moh i industriområdet/ 366 moh for nytt område utanfor flaumvernet).

Statens vegvesen har også i tidlegare uttale peika på at byggegrenser og haldningsklasse for avkjørsler må takast inn i planføresegnene. Dette er retta opp i dokumentet som no blir lagt fram til sluttbehandling. Vegvesenet ber vidare om at vegareal i plankartet blir differensiert slik at det går fram kva som er køyreveg og kva som er gang- og sykkelveg. I følgje kart- og planforskrifta skal det ikkje vere differensierte vegformål i plankartet for kommune(del-)planar. Etter dialog med vegvesenet er no gang- og sykkelvegar vist med linesymbol (prikka line) i plankartet.

Fylkesmannen i Innlandet har i sin høyringsuttale sterkt oppmoda kommunen om å gjennomføre ein støyfagleg utgreiing for ny trasé for rv.15 utanom sentrum, og å leggje inn gul/raud støysone som omsynssone i endeleg vedteke plankart (nytt innspel ved 3. gongs høyring). Sakshandsamar har stilt spørsmålet om event. støysonekartlegging til vegvesenet, som skriv: *Statens vegvesen utarbeider støyberegninger i forbindelse med reguleringsplaner. Vi har pr i dag ikke planer om å utarbeide støyberegning for denne vegtraséen. Den aktuelle reg.planen er 35 år gammel og må oppdateres når det ev. blir aktuelt å bygge ny rv. 15 her. Å beregne støysone for en fremtidig veg når man ikke vet endelig trasè, fart og framtidig trafikkmengde, vil bli svært usikkert.* Administrasjonen ser det derfor svært lite formålstenleg å bruke tid og ressursar på støykartlegging av framtidig riksvegtrasé på grunnlag av den gamle reguleringsplanen for vegtraséen. Det er eit generelt krav om reguleringsplan for nye byggetiltak i planføresegnene punkt 2.1. - omsyn til støy langs framtidig riksvegtrasé kan ivaretaast gjennom reguleringsplan i den grad det blir aktuelt med ny støyfølsom bebyggelse i området. Planen blir derfor lagt fram for sluttbehandling utan omsynssoner/ støysoner for ny rv.15 utanom sentrum.

Vidare skriv Fylkesmannen i Innlandet at *vi kan framleis ikkje sjå at sentrumssonen er synleggjort i planmaterialet.* Dette må bygge på ei misforståing, i punkt 8.1.13 i planskildringa er sentrumssonen er skildra i tekst og med kartfigur. Sentrumssona er også vist i plankartet - at denne sona "blir borte" blant alle andre linesymbol, omsynssoner osv. er ei annan sak, men slik må det bli når det blir sett krav om at plankartet skal innehalde så store mengder informasjon. Derimot har det mangla planføresegn for sentrumssona i høyringsforslaga. Til sluttbehandlinga er det derfor lagt inn eit nytt punkt 6 i planføresegnene, bygd på planretningslina i **Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland**, vedteken av Oppland fylkesting 15.06.2016.

Innlandet fylkeskommune har i sin uttale bedt om at omsynssone H570_2 for bevaring av kulturmiljø ved Lom Stavkyrkje blir utvida: *Fylkesutvalget ber om at hensynssonen må inkludere det åpne arealet rundt Lom stavkirke, forbindelsen mellom gammelt og nytt tun i prestegården samt den nærmeste synlige bebyggelsen.* Ved 3. gongs offentleg ettersyn var det lagt inn omsynssone tilsvarande minimumsavstanden i kyrkjelova, avgrensa til 60 m frå stavkyrkja. I plankartet som blir lagt fram til sluttbehandling er omsynssona foreslått utvida noko, slik at den omfattar heile prestegardsjordet og grøntarealet mellom kyrkjegarden og Loarbygget.

Fylkeskommunen peikar vidare på dei same punkta som vegvesenet har nemnt, sjå ovanfor.

I Riksantikvaren sin uttale til fylkeskommunen blir det etterlyst føresegn til omsynssone H730 som sikrar vern av event. parti av middelalderkyrkjegarden som ikkje har vore i bruk etter 1945. Føresegna som Riksantikvaren etterlyser er no teke inn i plandokumenta, men har ingen praktisk verknad sidan heile kyrkjegarden har vore i kontinuerleg bruk.

Andre endringar i planen etter 3. gongs offentleg ettersyn:

Rapport frå Norconsult; *Vannlinjeberegning for Bøvre i Lom; Lykkja – Fossbergom*, vart ferdigstilt etter at kommunedelplanen var lagt ut til 3. gongs høyring. Rapporten viser at fleire bustadhus og uthus/ garasjar i Lykkja er utsett for flaumfare. I tillegg viser rapporten at omtrent heile arealet til Lom Camping ligg innanfor flaumsona. Vidare viser rapporten eit lågpunkt like oppstraums utleggsbrua som medfører at vatn frå Bøvre kan trenge inn på nedre del av campingområdet ved Nordal og ned mot Stupulvegen ved ein 200-års flaum. I planframlegget ved 3. gongs høyring var det lagt inn ei stipulert flaumsone ned til Prestfossen/ utleggsbrua. I plankartet som blir lagt fram til sluttbehandling er denne stipulerte flaumsonen erstatta med omsynssone flaumfare tilsvarende Norconsult sin sone for 200-års flaum med klimapåslag.

Frå Prestfossen og ned til samløpet med Otta vart det gjennomført flaumsonekartlegging i samband med 1. gongs offentleg ettersyn av kommunedelplanen.

Det er også gjort mindre justeringar i planføresegnene til omsynssonene for flaumfare, slik at dei samsvarer med føresegnene for omsynssone skredfare.

Ved 3. gongs høyring hadde ingen av høyringspartane vesentlege merknader til nytt næringsområde BN_F2, ca 3 da som grensar inn til Liavegen og til eksisterande næringsområde ved trafostasjonen. For mesteparten av området er det krav om oppfylling til flaumsikkert nivå 366 moh før det kan oppførast bygningar eller anlegg her.

Vurdering

Endring i føresegnene for omsynssone skredfare på bakgrunn av motsegn frå NVE:

Tillegget i planføresegnene medfører at ved nye byggetiltak i omsynssone for skredfare blir det sett krav om juridisk bindande avtale med grunneigar som sikrar at skogen ovanfor planområdet beheld sin funksjon som vern mot skred. Kravet vil ikkje omfatte mange bygg/ tiltak, sidan det gjeld for område som ligg innanfor faresoner som vart kartlagt av NGI i 2009. Det er naturleg at det vil bli reist spørsmål om kven sitt ansvar det vil vere å få i stand slike avtaler. Etter administrasjonssjefen sitt syn vil det vere den enkelte søkjar/ tiltakshavar sitt ansvar å legge fram slike avtaler når det blir søkt om byggeløyve for aktuelle tiltak. Ved byggetiltak i omsynssone vil det uansett vere eit krav om at tiltakshavar legg fram tilfredstillande dokumentasjon på at tomta har tilstrekkeleg sikkerheit mot skred.

Alternativet til føresegn med krav om bindande avtaler for å sikre skogen vil vere å få utarbeidd ei ny faresonekartlegging som viser skredfare utan skogvegetasjon. I tillegg til at dette vil medføre ein vesentleg kostnad vil sluttbehandling av kommunedelplanen bli forseinka med mange månader. Områda som blir omfatta av faresonene for skred må forventast å auke. Administrasjonssjefen ser derfor ikkje dette som eit aktuelt alternativet no.

Planføresegn for indre sentrumssone:

Den viktigaste verknaden av planføresegna er at nye handelsverksemdar større enn 1500 m² i bruksareal ikkje kan etablere seg utanfor den indre sentrumssone på Fossbergom slik denne er definert i kommunedelplanen. Det er unntak for plass- og/eller transportkrevjande varehandel som trelast og byggevarer, landbruksmaskiner m.m.


Føresegna er bygd på planretningslina i *Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland*, vedteken av Oppland fylkesting 15.06.2016. Den regionale planen vart behandla som

høyrings sak i kommunestyret i februar 2016. I etterkant av denne behandlinga vart sentrums-sona for Fossbergom fastlagt gjennom ein prosess mellom kommunen og fylkeskommunen.

Omsynssone for bevaring av kulturmiljøet omkring stavkyrkja.

Oppland fylkeskommune ber om at omsynssone for bevaring av kulturmiljø ved Lom stavkyrkje blir utvida. Ved 2. gongs høyring sette fylkeskommunen fram forslag om ei omsynssone som omfattar gamle Loar, Drengjestugu, Steinfjosest, ungdomsskolen, tunet på prestegarden og litt av Utgard. Administrasjonssjefen foreslo da ei mindre utviding av omsynssona som omfatta det opne landskapsrommet omkring kyrkja, inkludert Kyrkjevollen, Gamle Loar-bygget og prestegardsjordet. Ved behandling i planutvalet vart utviding av omsynssona trekt ut av planforslaget, og planen vart sendt ut til 3. gongs høyring med ei omsynssone tilsvarande minimumsavstanden i kyrkjelova, avgrensa til 60 m frå kyrkja. Fylkesrådmannen kommenterer dette på følgjande måte i saksutgreiinga: *Kulturmiljøet rundt stavkirken har i realiteten mye videre utstrekning. Dyrkamarka/grøntarealet sør og vest for det middelalderske kirkestedet har stor betydning for hvordan kirkestedet oppleves. I dag fremstår stavkirken med omkringliggende kirkegård som et markert fokuspunkt i landskapet, samtidig som kirken kan oppleves i et rolig og avskjermet miljø. Det er viktig å sikre disse kvalitetene i kulturmiljøet for fremtiden, ved at nye tiltak i det omkringliggende landskapet underordner seg kirkestedet.*

Fylkesrådmannen presiserer vidare at denne omsynssona ikkje er meint å vere ei forbodssone, men ei sone der det skal takast omsyn til kyrkja sine kulturminneverdiar. Den mest konkrete verknaden av ei utvida omsynssone er at planlagde bygge- og anleggstiltak innanfor sona skal godkjennast av kulturminnemyndighetene.




For å kome fylkeskommunen i møte foreslår administrasjonssjefen ei utviding av omsynssona slik at den omfattar heile prestegardsjordet og grøntarealet mellom kyrkjegarden og Loarbygget/ parkeringsplassen, men ingen bygningar med unntak av kyrkja og kyrkjelydshuset.

Forslag til utvida omsynssone H570_2


Omsynssone flaumfare langs Bøvre gjennom Fossbergom

Når det no ligg føre ein rapport som viser flaumfare ved ulike gjentaksintervall for Bøvre gjennom sentrum må kommunen legge denne kunnskapen til grunn for kommunedelplanen. I følgje retningsliner frå NVE er det omsynssone for flaum med 200-års gjentaksintervall og påslag for forventa klimaendringar som bør visast i plankartet – denne er nær samanfallande med flaumsone for 1000-års flaum (utan klimapåslag).

Den nye rapporten frå Norconsult dekkjer området frå Lom Camping ned til utleggsbrua. Som forventa så viser rapporten at fleire bustadhus og uthus/ garasjar i Lykkja er utsett for flaumfare. Meir uventa er det at rapporten viser at omtrent heile arealet til Lom Camping ligg innanfor flaumsonen. Vidare viser rapporten eit lågpunkt like oppstraums utleggsbrua som medfører at vatn frå Bøvre kan trenge inn på nedre del av campingområdet ved Nordal og ned mot Stupulvegen ved ein 200-års flaum (også utan klimapåslag). Kartet som blir lagt fram til sluttbehandling viser derfor omsynssone for flaumfare her. Dette vil få konsekvensar for eventuelle byggetiltak i dette området. Sannsynlegvis er det ikkje store sikringstiltak som skal til for å oppnå nødvendig reduksjon av flaumfaren over lågpunktet ved utleggsbrua.



*Kartutsnitt som viser
flaumsone ved Lom
Camping og Lykkja, 200-års
flaum med påslag for
forventa klimaendringar*



*Kartutsnitt som viser
flaumsone ved Nordal
camping/ øvre del av
industriområdet som følge
av lågpunkt ved utleggsbrua
- 200-års flaum med påslag
for forventa klimaendringar*